

## Sara Ousts familietre

### Innledning

Undertegnede har søkt i bygdebøker når det gjelder Sara Ousts familietre. Formålet var først og fremst å se om det kunne finnes omtale av flere haugianere. Notatet gjelder hennes nærmeste.

Det var interessant å lese om Mari Amundsdatter Røe. Hun gikk fra Vingelen til Kristiania for å ta jordmorutdannelse. Dette var for øvrig den første organiserte yrkesutdanningen for kvinner i Norge.

### Saras bestemor på mors side. Ragnhild Toresdatter Røe (Røe østre/Oppistu Røe/Vangstrøa). 1717-1783

#### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- «Da Kjersten vart enkje att i 1719, dreiv ho garden med fast og myndig hand til ho døydde i 1733». «Sonen Per Jonsson og Ragnhild Toresdotter frå Oppistu Røe vart brukarar etter henne. Ettermæle hennar Ragnhild Røe tyder på at ho var meir enn vanleg utrusta med evner og førleik. Det kjem og fram i ætta hennar i fleire led framover»
- «Mannen Per var vel og ein traust og stø kar, men etter segna var vel Ragnhild meir tankegløgg og ordrik og skulle særleg ha synt mykje av dugleiken sin som enkje. Difor fekk ho og eit gjevt ettermæle».

### Saras bestemor på fars side. Ingrid Eriksdatter. 1727-1799

#### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- «Sonen Engebret Engebretsson vart g. m. Ingrid Eriksdotter som døydde på barseng berre 36 år gammel». Undertegnedes anmerkning: Jeg har foreløpig ikke funnet ut hvor Ingrid Eriksdatter kom fra. Jostein Røe kunne heller ikke svare

### Saras bestefar på mors side. Per Jonsen Røe (Røe gamle/Gammelstu). 1711-1773

#### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- «Da Kjersten vart enkje att i 1719, dreiv ho garden med fast og myndig hand til ho døydde i 1733». «Sonen Per Jonsson og Ragnhild Toresdotter frå Oppistu Røe vart brukarar etter henne. Ettermæle hennar Ragnhild Røe tyder på at ho var meir enn vanleg utrusta med evner og førleik. Det kjem og fram i ætta hennar i fleire led framover»
- «Mannen Per var vel og ein traust og stø kar, men etter segna var vel Ragnhild meir tankegløgg og ordrik og skulle særleg ha synt mykje av dugleiken sin som enkje. Difor fekk ho og eit gjevt ettermæle»

## **Saras bestefar på fars side. Engebret Engebretsen Vingelen (Vingelen østre/Ousta). 1724-1791**

- «Sonen Engebret Engebretsson vart g. m. Ingrid Eriksdotter som døydde på barseng berre 36 år gammal. Ein finn ikkje noko om at Engebret gifte seg att». (Undertegnedes anmerkning: Jeg har foreløpig ikke funnet ut hvor Ingrid kom fra)
- «Sonen Engebret Engebretsson og Mari Persdotter frå Gammelstu Røe vart neste brukarar»

## **Saras mor. Mari Persdotter Røe (Røe gamle/Gammelstu). 1746-1834**

### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- «Sonen Engebret Engebretsson og Mari Persdotter Gammelstu Røe vart neste brukarar. Engebret vart berre 30 år gammal. Ousta hadde frå først av vore ein bra stor eigedom, men i den siste helvta av 1700-åra, gjekk det attende med drifta, meddi at døden reiv bort husmora Ingrid Eriksdotter og seinare den ene sonen Engebret i ung alder. Den gamle mannsliha døydde og ut med han»
- «Kona Mari Persdotter var vel ei dugande kvinne, men ho evla ikkje med alt som garden kravde av tungt og hardt utearbeid. Dei to døttrene Sara og Ingrid, fekk tidleg røyne seg på karsida. Båe to var med på leigekjøring til Røros verk»
- «Det gjekk slik til at enkja Mari Persdotter i Ousten gifte seg att med Torger Persson frå Lillebjørn, og da delte ho i frå Oustutrøa til den eldste dottera frå første ekteskap, Sara Engebretsdotter og mannen Ola Toresson Utistuhaugen. Dei fekk kongeskjøte i 1837». (Undertegnedes anmerkning: Under Vingelen søndre/Oustutrøa)
- «Så fann mora på å gifte seg att med drengen sin, Torger Pedersson Røe frå Veltgjelta. Han var 20 år yngre enn Mari Persdotter, men ho var da gjev nok å ha til kjerring med gard attpå. Meir underleg var det at ho godtok denne friaren, for Torger var ein slark». (Undertegnedes anmerkning: Torger Pedersen Røe fra Vetlgjelta, 1765-1817)
- «Han dugde vel heller ikkje til noko, og var i vanleg meinung ein som vart narra opp i stry av andre og som somla og øydde bort det han fekk millom hendene. Slik har søsterdottera hans, Ingrid Nygård, skildra han»
- «Sara som vart g. m. Ola Toresson frå Utistuhaugen, berga det halve av garden ved å bygge på ei trø nord i bygda, og det vart Vetl-Ousta eller Oustutrøa, men der kom dei seg bra til». (Undertegnedes anmerkning: Under Vingelen østre/Ousta)
- «Det skulle enno vere bergelege kår i Ousta, men det står i kyrkjeboka at Torger Persson vart sinnessjuk. Mari kom på legd og døydde på Røe»
- «Sara hadde både frå mors- og farsleia ervd mange gode eigenskapar som av henne vart utnytta både i åndeleg og verdsleg lei»

Undertegnede anmerkning: Det er ikke samsvar mellom det som står under Oustutrøa og Ousta når det gjelder bakgrunnen for oppbygningen av Oustutrøa. Mari kom sannsynligvis på legd i Gammelstu'n der hun ble født. Dette ifølge Jostein Røe.

### **Anno Musea i Nord-Østerdal**

- Arild Alander opplyser at folketellingen fra 1801 viser at Mari ble født i 1746
- Mari og Torger Pedersen Røe fikk to barn. Det var Peder Torgersen Vingelen (1789-1792) og Ingebrigts Torgersen Vingelen (1793-1794). Begge døde som små

### **Saras far. Engebret Engebretsen Vingelen (Vingelen østre/Ousta). 1755-1785**

#### **«Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006**

- «Sonen Engebret Engebretsson og Mari Persdotter Gammelstu Røe vart neste brukarar. Engebret vart berre 30 år gammal. Ousta hadde få først av vore ein bra stor eigedom, men i den siste helvta av 1700-åra, gjekk det attende med drifta, meddi at døden reiv bort husmora Ingrid Eriksdotter og seinare den ene sonen Engebret i ung alder. Den gamle mannsliana døydde og ut med han»
- «Sara hadde både få mors- og farsleia ervd mange gode eigenskapar som av henne vart utnytta både i åndeleg og verdsleg lei»

### **Saras ektefelle. Ole Toresen Røe (Haugen vestre/Utistuhaugen). 1776-1862**

#### **Arne O. Bakken. «Haugianerne i Nord-Østerdal de første årene og lederen Sara Oust 1778-1822». Revidert utgave 2011**

- «Sine samlinger holdt vennene i Vingelen på flere steder. Lensmann Skogstad sier i brevet fra 1804 at i 5 år har garden Haugen (Utistuhaugen) vært samlingssted siden oppsitteren på garden Knud Thoresen med hustru og to brødre og en søster er haugianere og eier mange av Hauges böker»
- «Men også i Ousta ble mange samlinger holdt i mer eller mindre løyndom. En vårseter under garden Oust, Nordvangsvollen, skal også ha vært møtested, kanskje tydde de særlig til mer øde steder etter at Hauge var arrestert og virksomheten ble offentlig forbudt»
- «Etter at arrestasjonen av Hans Nielsen Hauge hadde funnet sted høsten 1804 fikk lensmann Skogstad en streng forordning fra foged Lind av 19. desember 1804 om å holde øye med haugianerne (undertegnede anmerkning: Det vises til fotnote 14). Han hadde også fått ordre om å lese opp forordningen av 1741. Det gjorde han først ved Os kirke, og søndagen etter den 13. januar 1805 innførte han seg ved Vingelen Annexkirke og leste opp etter gudstjenesten de ordrer han hadde å rette seg etter fra høyeste hold angående haugianernes møtevirksomhet»
- «Og han skriver videre: «Samme Dags Aften begav jeg mig med 2de Maend som Vidner til Gaarden Hougen, bemeldte Annex, hvor der i mange Aar har vært et Forsamlingssted for Hans Nielsen Hauges omvandrende tilængere, for at efterse om det der i Huuset fantes Noget Opløb eller Forsamling. Men den gang var det i Huuset ingen forsamling. Da tilkiendegav jeg huusbonden Ole Thoesen den mig tilsendtekomne Ordre samt foranmeldte

Forordnings Bydende, og endelig bemeldte Ole Thoresen samt alle der tilstedevarende Personer at avholde sig fra saadaanne utiladelige forsamlinger»

- «... Ole Thoresen Haugen Utistuhaugen, Vingelen f. 1776, d. 1862. Han var tidlig blitt med blant Hauges venner. Det fortelles at han selv ikke talte ved samværene, men hjalp Sara under disse med postillelesning»

**H.G. Heggtveit. «Den norske Kirke i det nittende Aarhundrede: et Bidrag til dens Historie. B. 1 : Haugianismens Tid : første Halvdel, 1796-1820». Utgitt 1905-1911**

- «Efter nogle Aars Forløb blev Sara Ousten gift med en af Hauges Venner ved Navn Ole Thorsen fra Haugen i Vindgelen. Han holdt ikke Oppbyggelser, men hjalp sin Kone under disse med Postillelæsning»
- «I Aamodt var enkelte, i Lilleelvdalen og Tønset flere, i Tolgen en Del, men i Annekset Vindgelen en stor Flok; her var Sara Ousten (død 1821) (undertegnedes anmerkning: Død 1822) og hendes Mand Midtpunktet for Bevægelsen»

**Saras og Oles første datter. Mari Olsdatter Vingelen (Vingelen søndre/Oustutrøa). 1812-1813**

**«Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006**

- Døde litt over to måneder gammel

**Saras og Oles andre datter. Ingeborg Olsdatter Vingelen (Vingelen søndre/Oustutrøa). 1817-1881**

**«Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006**

- «Sonen Esten Iversson (undertegnedes anmerkning: Fremmermoen/Hilmarsen) gjorde søsterbyte med Karl Embretsson i Lonåsen og vart g. m. Goro Embretsdotter Lonåsen. Dei vart eigarar i 1835»
- «Esten Iversson gifte seg andre gongen med Ingeborg Olsdotter frå Oustutrøa. Ho var dotter til Sara Ousten og skulle vel ha ha ervd mye av både åndeleg og materiell dugleik, men gamle folk sa at ho var lita og tufsut og at ho var mindre skikka til husmor»
- «Esten Iversson var ein ihuga arbeidskar og ein framifrå brukar. Han snudde opp ned på den gamle drifta med små hus og svelteforing»
- «Han skøytte frå seg Fremmermoen i 1860 til søsterdottera Kirsti Karlsdotter Lonåsen, g. m. Hilmar Olsson Kystad-trøen frå Byneset. Hilmar Olsson kom som legpredikant til Nord-Østerdal og var knapt 20 år, da han byrja som brukar på Fremmermoen»
- «Det var nok Esten Iversson som stod bak med rådgjerder. Hilmar og Kirsti var både «lesarar» eller haugianarar. Fremmermoen vart ein stemnestad for samlingar, folk frå andre bygder møtte fram til dei, men det vara ikkje så lenge, då både døydde brått i 1866. Kirsti Karlsdotter sette livet til på barseng»

Undertegnede anmerkning: Ingeborgs dødsår står ikke i bygdeboka. Per Arne Tollefshagen ved Anno Musea i Nord-Østerdalen undersøkte ministerial- og klokkerboka. Ingeborg døde 05.10.1881. I klokkerboka står det at hennes siste oppholdssted var «gaarden Lunaas i Tønset».

## **Saras og Oles tredje datter. Mari Olsdatter Vingelen (Vingelen søndre/Oustutrøa). 1818-1881**

### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- «Dottera Mari Olsdotter og Engebret Amundsson Røe (undertegnede anmerkning: Røe nordre/Vetlnorsa) dreiv garden 1848-1869. Desse to folka slo på den same strengen i økonomisk lei og levde over lag sparsamt. Dei pinte maten og skillingen, og velstanden auka, truleg var dei og strenge haugianarar, men den åndelege arven tapte seg med ei ny tid som vart fylt med rasjonalisme og som m.a. førte til at den gamle kyrkja i Vingelen vart riven på ein mindre ørmeleg måte»

## **Oles fjerde datter. Sara Olsdatter Vingelen. 1838-1915**

### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- Sara Oust døde i 1822. Ole Toresen Røe giftet seg på nytt i 1828 med Marit Jonsen Sandmæl fra Tolga. De fikk datteren Sara Olsdatter Vingelen
- «Den yngre broren, Jon Estensson, overtok den gamle eideomen (undertegnede anmerkning: Vingelsgaard/Garsjordet), g. m. Sara Olsdotter frå Oustutrøa. Dei to sønnene til Jon og Sara var evnerike ungdomar. Esten hadde tenkt seg fram skulevegen, men vart sjuk og døydde. Ola (undertegnede anmerkning: Han blir også omtalt som Ole) fall bort, om lag 25 år gml»
- «Jon Estensson dreiv garden med leigd hjelp i mange år. Han var ein harddrivar, sterk og breivaksen, men rettvis og raus og var ikkje knipen på eit festleg lag saman med slåttekarane sine. Kona Sara sat i mange år som invalid»
- «Jon skøytte frå seg til søstersonen Rasmus Olsson frå Nordistu og Petronille Olsdotter frå Gammelstu Røe»

### Eystein Eggen. «Tolga. Hodalen-Kasa-Holøydalen-Øversjødalen. Gards- og slektshistorie. Bind I. Utgitt i 1968

- Marit Jonsen Sandmæl (Sandmæl vestre/Nilsjoan). (1803-1861)
- «Det hadde vært sterke og driftige folk på Nilsjogarden. Hustruene var kommet fra garder med god velstand, og denne fortsatte med nøysomme og spartanske levevilkår»

## **Saras søster. Ingrid Engebretsdatter Vingelen (Vingelen østre/Ousta).**

**1782-1852**

### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- «Sonen Amund Jonsson (undertegnede anmerkning: Amund Jonsen Nygaard (Nygaard/Nygar'n)) og Ingrid Engebretsdatter frå Ousta tok over garden. Dei fekk skiftebrev i 1826. Ho hadde som søstera, Sara Ousten både evner og arbeidskynne, men var og litt av eit jarn i åtferd og tale»
- «Ein må hugse på at det var under dei verste hardåra både ho og mannen måtte ta styringa etter foreldra som både døydde, og det røynt vel på»
- «Amund Jonsson dreiv som smed og hadde elles godt lag i praktisk lei. Han la inn det første springvatnet i bygda. Da folk såg den nye oppfinninga hans, vart han tinga hit og dit, og han reiste ofte omkring som røyrleggar. Eller hadde han mange offentlege verv, og i 1837 vart han medlem av det første heradsstyret i Tolga»

## **Saras tantebarn etter søsteren Ingrid Engebretsdatter Vingelen (Vingelen østre/Ousta). 1782-1852**

### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- Ingrid Embretsdatter Vingelen ble gift med Amund Jonsen Nygaard (Nygaard/Nygar'n)
- Ekteparet fikk åtte barn. Jon Amundsen Røe (1811-1815), Engebret Amundsen Nygaard (1812-1902), Jon Amundsen Røe (1815-1919), Kirsti Amundsdotter Røe (1818-?), Jon Amundsen Røe (1820-1820), (undertegnede anmerkning: Levde noen få måneder), Mari Amundsdotter Røe, (1821-1902), Sara Amundsdotter Røe (1823-1837) og Jon Amundsen Røe (1826-1827)

### Tantebarn Engebret Amundsen Nygaard (1812-1902)

- «Sonan Engebret Amundsson og Ingeborg Knutsdotter Persvingelen tok så over gården i 1839. Engebret Amundsson vart brukar i ung alder. Den jamne, men djrve og driftige bonden, vart ein merkesmann for garden og slekta. Han hadde eit mesterleg medfødt handlag som han øvde opp med viljetrott og arbeidsflid»
- «Det fall som av seg sjøl anten han sto i smia, ved høvelbenken eller svarvstolen. Kvar kveld vinteren lang var han i full verksemد med å snekre innbu og reidskapar. Opplyst og framfor si tid, såg han mun i alt nytt til gagn for gardsdrifta og eigna det åt seg gjennom skrifter og i praktisk lei»
- «Etter 50 års yrke som jordbrukskar, fekk han i 1886 fortene stemedalja i sølv. I tankar og meininger var han frilynt og ofte radikal. Han blanda seg elles lite opp i politikken, men orda hans hadde slagkraft og gjekk i øyro, beinkløyvd og endefram som han var»
- «Det var Grundtvig og hans lære som høvde best for tankane hans, og da dei første folkehøgskulane kom, ville han at ungdomen skulle få sin åndelege opplæring der»

- «Materialisten i han var heller ikkje borte. Det var heller gått attende enn fram, da han overtok gården, men i hans tid vart Nygarn ein av storgardane i bygda»
- «Vermora (undertegnedes anmerkning: Ingeborg Knutsdatter Persvingelens svigermor) Ingrid Engebretsdotter hadde ein hardare hått, og helst gjekk det ut over sønekona når ho kom i harnisk eller hadde skjenkt seg vel mykje av brennevinskjelen, for han vart ofte brukt i den tida. Da kunne ho seie mykje som ho seinare angra på. Då Ingrid låg på dødslægjet, kalla ho Ingeborg til seg og ba om tilgjeving, og det fekk ho»

#### Tantebarn Mari Amundsdatter Røe (1821-1902)

- «Sonen Erik Larsson Friis og Mari Amundsdotter Nygård fekk skjøte i 1849. Erik Friis var evnerik med eit vinnande lag, men han døydde berre 33 år gammal. Det vart no ordna slik at enkja Mari Amundsdotter og dottera Berit Lusie vart utløyst med det halve av garden, men Mari gifte seg att med lærar Oliver Strand i Os, og ho selde sin part av Eriksha til broren Engebret Nygård som delte han att med svogeranen Rasmus Jordet. Desse to la kvar sin part av jorda og skogen under sine eigne bruk»
- «Det var Røros verk som tilsette Lars Henrik (undertegnedes anmerkning: Far til Erik Larsson Friis) som stigar i Vingelen. Han var etter sin tid skriftefør og var medlem av det første heradsstyret i Tolga. Han dreiv garden saman med stigaryrket og hadde kontoret sitt i ei stugu som sto i Eriksha til ho vart sold i 1900-årene. Da gruvedrifta i Vingelen stana, gjekk han heilt over til gardsbruket»
- «Dottera Mari vart gift andre gongen med lærar og ordførar Oliver Strand i Os. I den nye heimen sin på Strand, la ho mykje arbeid etter seg både ute og inne, medan mannen var både lærar og ordførar. Det var også skysstasjon på gården. Mari Strand var utdanna jordmor, og det er sagt at ho gjekk frå Vingelen til Kristiania for å «gå i læra». Det står i Os-boka at ho «var en over lag intelligent, klart og sterkt tenkende kvinne»»

#### Jon Ola Gjermundsen. «Bygdebok for Os. Bygda og folket. Bind I». Utgitt i 1999

- «Ole Iver Strand var lenge en førende kraft i lokalt samfunnsarbeid. Som ung ble han lærer fra 1845, etter oppmuntring fra sokneprest Holst. Siden var han lærer i over 30 år. Skolen ble en av hans hjertesaker: han elsket skolen og dens gjerning, heter det om Ole Iver Strand i et minneord. Lærerutdannelsen var et 10 ukers privatkurs, oppretta av kirkesanger Nielsen på Tynset»
- «Tidlig fikk Ole Iver Strand offentlige verv, og innehadde omrent alle dem en kommune kunne by på. I 23 år var han med i herredsstyret, av dem 18 år som ordfører, sammenhengende fra 1879 til 1893»
- «Mange saker bar han fram og gjorde til virkelighet. I ordførertida hans fikk Tolga kommune to bruver over Glåma: Osbrua i 1882 og bruva på Tolga noe seinere. I Tolgen Sparebank, som han sjøl var en av initiativtagerne til, var han kasserer i mange år»
- «Mari var den første utdanna jordmora i Tolga kommune, med jordmoreksamen i 1846. Hun gikk hele veien fra Vingelen til Kristiania da hun skulle på jordmorskolen»

## **Sara og Oles barnebarn**

### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

Barna til datteren Ingeborg Olsdatter Vingelen. Gift med Esten Iversen Moen (Fremmermoen/Hilmarsen)

- Esten Iversen Moen giftet seg med Goro Embretsdotter Lonåsen fra Lonåsen, « ... men ho døydde berre 31 år gamal i 1839, truleg på barseng»
- Ekteparet fikk datteren Ingrid Estensdatter Moen som levde noen dager
- Esten Iversen Moen giftet seg med Ingeborg Olsdatter Vingelen i 1841. Ekteparet hadde ingen barn

Undertegnede anmerkning: Det er bilde av Saras datter Ingeborg på side 162. Venneforeningen har vært i kontakt med Einar Hilmarsen, Jøran Nygård og flere andre for å finne originalen, men uten resultat.

Barna til datteren Mari Olsdatter Vingelen. Gift med Engebret Amundsen Røe (Røe nordre/Vetlnorsa)

- Amund Engebretsen Nygaard (1840-1840). (Undertegnede anmerkning: Levde litt over en måned. Engebret Amundsen Røe hadde denne sønnen med Mari Amundsdatter Røe (Nygaard/Nygar'n). Mari Olsdatter Vingelen og Engebret Amundsen Røe ble gift i 1847. Ekteparet overtok Oustutrøa)
- Sara Marie Engebrets datter Røe (1848-1916). Gift med Ole Toresen Røe (Storstenenget/Klokkaugenget). Ekteparet tok over Oustutrøa

## **Saras tanter og onkler på mors side (Røe gamle/Gammelstu)**

### «Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006

- Kirsti Persdatter Røe (1746-1818)
- Jon Persen Røe (1752-?)
- Dorthe Persdatter Røe (1755-?)
- Halvor Persen Røe (1756-1832). Gift med Anne Estensdatter Aasen (Aasen nordre/Bakken)
- Knut Persen Røe (1759-1800). Gift med Ingeborg Estensdatter Aasen (Aasen ytre/Utistu)

### Halvor Persen Røe

- «Det var Halvor Persson frå Gammelstu Røe og Anne Estensdotter Aasen frå Nordistu som bygde her i 1785 (undertegnede anmerkning: Gammelstugjelten). Han fekk truleg det halve av jordvegen i deling med broren Knut Persson som vart heime»

- «Han hadde nok ervd mora både i tankar og handlag, velvaksen og sterk, men heller stilsleg i ord og ferd, djuptenkt i sine svar og hadde nok både lese og lært seg mykje på eiga hand. Det var få i den tida som fekk læra noko av boklege fag. Dei måtte ta det av seg sjølve, og det gode handlaget hans Halvor kom godt med, da han skulle bygge seg eigen gard ute på Gjelta eller det inngjerda jordstykket utanfor farsgården»
- «Smedkynnet hans kom vel og godt med. På Gammelstu Røe står det att ei stugu med gråsteinmur kring ei stor århylle. Her var det Halvor frå først av dreiv med smedhandverket, og han hadde kanskje vore ute og lært litt. Seinare sette han opp verkstad på den nye garden»
- «Det gjekk fråsegner om den gjeve klokkekakaren Børre Langland i Ålen, og da verka hans vart spreidd ut over bygdene, fekk Halvor feste for ideane sine i dei»
- «Halvor plundra hardt før han kom seg inn i mekanismen, men da han endeleg synte fram den første klokka i full stand, var smia full av folk, og det vart heller trongbølt ikring an. Halvor fekk ikkje tid eller høve til å laga nokon stor mengd av klokker. Det er truleg at mange vart spreidd utanom bygda. Han dreiv heller ikkje dette handverket som leveveg, og det måtte godt emnestål til som han måtte fara langt etter»
- «Da han i 1799 sto fadder til søsterdottera Sara Ousten, fekk denne guddottera hans den første klokka». (Undertegnades anmerkning: Dette er kanskje gulvklokka som fortsatt befinner seg på Oustutrøa. Det arbeides med å finne ut av saken)
- «Seinare utvikla han verka sine med finare utstyr, men som gardbrukar på eit nytt bruk, måtte han ha mange jarn i elden. Det finst att «Halvor Persaklokker» med fint utrusta talskiver, men det har vel vore for därleg emnefang i dei, og no er det vel ingen som går»
- «Halvor dreiv garden godt. Han var den første som brukte jarnplog på heimejorda si»

#### Knut Persen Røe

- «Sonen Knut Persson og Ingeborg Estensdotter frå Utistu Vingelsåsen vart heime. Knut Persson døydde berre 41 år gammal, og nå kom garden under nytt kvinnestyre att. Barna var små, og enkja Ingeborg måtte gjenom dei verste hardåra vere både brukar og husmor»

#### Eystein Eggen. «Tolga. Hodalen-Kasa-Holøydalen-Øversjødalen. Gards- og slektshistorie. Bind I. Utgitt i 1968

#### Kirsti Persdatter Røe

- «Eggen eller Sandmælen østre fikk i dagligheten navn etter denne Vetl-Jørn. Etter folkeminnet kom han (undertegnades anmerkning: Jørgen Jensen kroken) til Vingelen som skomaker og ble g. m. Kirsti Persdatter Gammelstu Røe». «Da Jørgen Jensen døde i 1824, ble garden oppropt og solgt ved tredje gangs auksjon. Dattersønnen med verge og dattera Ragnhild med verge hytteskriver Irgens, fikk tilslaget for 200 spd. Etter det kan en skjonne at garden hadde vært lite brukt som jordeiendom. Det står videre at Ragnhild Jørgensdatter greide ikke å betale kjøpesummen»

## **Saras tanter og onkler på fars side (Vingelen østre/Ousta)**

### **«Bygdebok Vingelen. Bind I». Utgitt i 2006**

- Sara Engebretsdatter Vingelen (1753-?)
- Sara Engebretsdatter Vingelen (1760-?)
- Barbro Engebretsdatter Vingelen (1763-?)
- Jon Engebretsen Vingelen (1764-?)
- Ingeborg Engebretsdatter Vingelen (1769-1770)

## **Søsknene til Saras ektefelle Ole Toresen Røe (Haugen vestre/Utistuhaugen)**

- Knut Toresen Røe (1733-1792). Gift med Kirsten Jonsdatter Os fra Os. Ekteparet overtok gården
- Berit Toresdatter Røe (1767-1846). Gift med Simen Amundsen Vingelen (Lien/Erikslia)
- Marit Toresdatter Røe (1770-1770)
- Ole Toresen Røe (1772-1772)
- Marit Toresdatter Røe (1773-?)
- Knut Toresen Røe (1778-?)
- Peder Toresen Røe (1780-?)

### Knut Toresen Røe

#### **Arne O. Bakken. «Haugianerne i Nord-Østerdal de første årene og lederen Sara Oust 1778-1822». Revidert utgave 2011**

- «Sine samlinger holdt vennene i Vingelen på flere steder. Lensmann Skogstad sier i brevet fra 1804 at i 5 år har garden Haugen (Utistuhaugen) vært samlingssted siden oppsitteren på garden Knud Thoresen med hustru og to brødre og en søster er haugianere og eier mange av Hauges bøker»
- «Etter at arrestasjonen av Hans Nielsen Hauge hadde funnet sted høsten 1804 fikk lensmann Skogstad en streng forordning fra foged Lind av 19. desember 1804 om å holde øye med haugianerne. Han hadde også fått ordre om å lese opp forordningen av 1741. Det gjorde han først ved Os kirke, og søndagen etter den 13. januar 1805 innfant han seg ved Vingelen Annexkirke og leste opp etter gudstjenesten de ordrer han hadde å rette seg etter fra høyeste hold angående haugianernes møtevirksomhet»

- «Og han skriver videre: «Samme Dags Aften begav jeg mig med 2de Maend som Vidner til Gaarden Hougen, bemeldte Annex, hvor der i mange Aar har vært et Forsamlingssted for Hans Nielsen Hauges omvandrende tilængere, for at efterse om det der i Huuset fantes Noget Opløb eller Forsamling. Men den gang var det i Huuset ingen forsamling. Da tilkiendegav jeg huusbonden Ole Thoesen den mig tilsendtekomne Ordre samt foranmeldte Forordnings Bydende, og endelig bemeldte Ole Thoresen samt alle der tilstedevarende Personer at avholde sig fra saadaanne utiladelige forsamlinger»

Versjon av 09.11.2022

Ingrid Petronille Røe